



Alexander Helle

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2711 - 17/23670

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

28.11.2017

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt gjerding og kulturlandskapsskjøtsel på GBNR. 37/1 Søre Ådland

Administrativt vedtak. Saknr: 332/2017

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 16.11.2017.

Meland kommune har motteke søknad frå Alexander Helle om at fristen for å gjere ferdig SMIL tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld gjerding og kulturlandskapsskjøtsel på gnr. 37 bnr. 1 på Søre Ådland saknr. 14/2711. Fylkesmannen i Hordalands ref. 14/014688. Arbeidsfri sten går ut i 05.12.2017.

Vurdering:

Søkjer har kommet i gang med planlegging av lyngbrenning, og det har vore gjennomført synfaring med fagpersoner på tema. Det er trong for meir tid for å fullføre prosjektet med gjerdinga, då trasen har blitt litt endra for å få eit betre og meir hensiktsmessig beite.

Det er søkt om utsetting med 2 år for å gjennomføra prosjektet. Det er høve til å forlenga arbeidsfristen med 2 år fram til 05.12.2019. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligger bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må akseptast. Det er viktig at arbeidet kan slutførast, og utsett frist vert løyvd.

Vedtak

"Meland kommune gjev med dette Alexander Helle utvida frist til 05.12.2019 med å gjennomføre siste del av tiltaka som det vart løyvd pengar til i sak 14/2711, administrativt vedtak, saknr: 353/2014. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

som vart fatta i sak 14/2711, administrativt vedtak saknr: 353/2014.

Vedtaket har heimel i § 3 forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket "

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen si landbruksavdeling Postboks 7315 5020

BERGEN

Mottakere:

Alexander Helle